



Arkivnr: 2014/278-1
Saksbehandlar: Gudrun Einbu, Vigdis Robak Bjørge

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		22.01.2014
Fylkesutvalet		30.01.2014

Kollektivstrategi for Hordaland - Høyring

Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram høyringsutkast til Kollektivstrategi for Hordaland. Kollektivstrategien er utarbeidd som del av oppfølging av Regional transportplan for Hordaland 2013-24. Arbeidet har vore organisert som eit prosjekt leia av Skyss.

Kollektivstrategi for Hordaland har som føremål å legge til rette for at kollektivtransporten får ei tydeleg rolle i den langsiktige transportplanlegginga. Kollektivstrategien skal legge grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar og vere styringsdokument for Skyss sitt arbeid med utvikling av kollektivtilbodet i fylket.

Fylkesrådmannen rår til at strategien vert lagt ut til høyring med høyringsfrist 28. mars 2014. Endeleg politisk handsaming er planlagt i fylkestinget i juni 2014.

Forslag til innstilling

1. Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle kollektivtransporten i fylket.
2. Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt på høyring med høyringsfrist 28. mars 2014.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg
Kollektivstrategi for Hordaland - Høyringsutkast

Fylkesrådmannen, 06.01.2014**Bakgrunn**

Arbeidet med kollektivstrategi for Hordaland er forankra i Regional transportplan (RTP) Hordaland 2013-2024, vedtatt i fylkestinget desember 2012. Kollektivstrategien har ikkje status som regional plan etter plan- og bygningslova. Arbeidet har vore organisert som eit prosjekt i Skyss, med leiargruppa i samferdselsavdelinga og Skyss som styringsgruppe.

Eit høyringsutkast av Kollektivstrategi for Hordaland vert med dette lagt fram, med sikte på å sende dokumentet på høyring med frist 28. mars 2014.

Prosjektet har arbeidd ut frå følgjande mandat, lagt fram i «Rapport frå forprosjekt: Kollektivstrategi for Hordaland» (FUV sak 76/12):

1. Kollektivstrategien skal legge grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar for utviklinga av kollektivtransporten i fylket gjennom budsjettvedtak.
2. Kollektivstrategien skal vere eit styringsdokument for Skyss og samferdselsavdelinga sitt arbeid med utvikling av kollektivtrafikktilbodet, til dømes gjennom å gje føringar for neste generasjon anbudsutsetjingar.
3. Kollektivstrategien skal vere eit innspelsdokument til andre planar og prosessar på kommunalt, regionalt og statleg nivå.

Prosess

Det er gjennomført fleire delprosjekt for å skaffe dokumentasjon og fagleg grunnlag for arbeidet. Tema for delprosjekta har mellom anna vore framkomst for kollektivtrafikken, insentivordningar i anbudskontraktar, prognosar for framtidig driftstilskott, vurdering av standard på knutepunkt og terminalar og grunnprinsipp for utvikling av kollektivtilbodet. Miljøstrategi for Skyss, vedtatt i fylkesutvalet 05.12.2013, inngår som del av kollektivstrategien.

Ein viktig del av prosessen har vore involvering på politisk nivå og med samarbeidspartar i stat, kommune og operatørar. Det er arrangert fagseminar, etablert samarbeidsfora og fleire fagetatar og –miljø har medverka i arbeidet.

Rapportar og presentasjonar frå arbeidet er samla på nettsidene skyss.no/rapportar og hordaland.no/kollektivstrategi.

Kollektivstrategien

Utgangspunktet er dei nasjonale og regionale måla om betydeleg vekst i kollektivandelen dei komande tiåra. Den framtidige trafikkveksten i Bergensområdet treng gode kollektive løysingar. Kollektivstrategien skal gi retning for tilbodsutviklinga i vekstområda. Samstundes skal strategien vere grunnlag for korleis kollektivtilbodet skal vere attraktivt og tenleg for innbyggjarane i heile fylket.

Strategien systematiserer og bygger vidare på dei erfaringane vi har gjort oss dei seinare åra, med forenkling av rutetilbodet, utvikling av god trafikantinformasjon og nye betalingsløysingar. Kollektivstrategien skal tydeleggjere prioriteringane som må til for å utvikle tilbodet vidare.

Vidare arbeid

Oppfølging av strategien vil skje gjennom eit eige handlingsprogram, kopla mot budsjettprosessar og andre relevante planprosessar. Handlingsprogrammet vil vise dei prioriterte tiltaka som er moglege innanfor gjeldane økonomiske rammer. Meir konkret informasjon om innrettinga av handlingsprogrammet vil bli lagt ved saka for endeleg vedtak av kollektivstrategien, juni 2014.

Fylkesrådmannen ser på framlegget til Kollektivstrategi for Hordaland som eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle kollektivtilbodet i fylket, og rår til at utkastet vert sendt på høyring. Endeleg politisk handsaming vert etter planen i fylkestinget juni 2014.